

BOKN BYGDABLAÐ

NR. 6 - JULI 1992 - ÅRG. 7

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR


MEIR ENN 30 ÅR PÅ BOKNAFJELLET

Den 8. mai hadde Peder Wåge siste arbeidsdagen sin på Bokn TV - sendar på Boknafjellet. Dagen vart feira med god mat og drikke, og blomar og anna stas frå Televerket. Dei syns nok at Peder har gjort ein god jobb når dei gjorde så mykje ut av den siste arbeidsdagen.

For Peder gjekk faktisk av med pensjon. Heilt frå slutten av 50-åra har han hatt arbeidsplassen sin på toppen av Boknafjellet. Dei fyrste 10-15 åra før det kom veg, måtte han dagleg gå opp og ned på det til dels bratte knapt 300 meter høge fjellet. Det tok ca. 17. minutt frå søre enden å gå opp.

Lettare vart det jo frå 1973/74 då det kom veg opp. Med 4-hjulsdriven bil var det berre få minutt før toppen vart nådd. Det er heller sjelden på desse åra at det har vore store problem med snø og is på vegen, men han har måtta bruka kjetting på alle 4 hjula når det har vore glatt.

Peder fortel at han har vore med på oppbygginga av TV-sendaren og stasjonen heilt frå grunnen av. Difor har han også kunna gå inn og reparera og halda ting ved like i og med at han kjende systemet så godt. Men det er heller sjelden at TV-sendaren har vore ute av drift p.g.a. sjølve sendaren. Helst har det



vore p.g.a. straumstans. Det har nok også vore tekniske problem, men det har då oftast vore sendt med redusert effekt.

Peder fortel at mykje er radikalt endra i utstyr og materiell frå den gongen det heile starta. I første tida var det meste greit å skjønna. I dag er det elektronikken som har overtatt med datakort og automatisk styring og overkopling til reservesendar dersom noko går gale. Likevel trur Peder at det også nå vil

framh. neste s.

MEIR ENN 30 ÅR PÅ BOKNAFJELLET

vera behov for litt menneskeleg tilsyn frå tid til anna.

Sendaren blir stadig vidareutvikla og utbygd. Akkurat nå er det sendarutstyr for det komande TV-2 som vert innstallert.

Peder seier til bygdabladet at han har likt godt å ha Boknafjellet som arbeidsplass. Det har vore greie arbeidstilhøve, sjølv om det har vore krav til sjølvstendig arbeid og avgjerder når noko ikkje har fungert. For det meste har det vore rutinearbeid med vedlikehald og faste oppgåver.

Det har nok vore noko einsamt kvar arbeidsdag å vera aleine på toppen av Boknafjellet, men dette vende han seg til, og lika seg godt.

Mange telefonar kunne det vera både på stasjonen eller heime når Bokn-sendaren fall ut, men stort sett gjekk det av i likaste laget.

Det er nok ikkje mange som kan visa til liknande arbeidsveg som den Peder hadde - Dei første åra til fots opp og ned på fjellet - seinare ein brattare dagleg arbeidsveg enn nokon andre her på Bokn i alle fall.

FIN TRIMDAG

Firebruersløpet/bruamarsjen samla til saman rundt 400 deltakarar. Flest var det med på turmarsjane (5 og 9,5 km.) som hadde 250 deltakarar.

Løpa og den lengste turmarsjen har start på Susort. Halvmaratonløpet går om Are og tilbake til Bokn skule.

Terje Bendiksen frå Torvastad vann halvmaratonløpet på 1.15.35. 9,5 km. vart vunne av

Lars Kvåle frå Røldal på 32.08.

Sjølv om det var færre deltakarar i år enn i fjor, må ein karakterisera arrangementet som vellukka. Fint ver med passeleg temperatur var med og gjorde dagen til ein fin familietrimdag. Ekstra kjekt er det at idrettslaget har utekafe med grilla laks og tilbehør.

OPPLAS



BOKN SJUKESTOVE TRENG MEIR PLASS

Etter knapt 5 års drift er det nå gjort ei vurdering av driftsfunksjonane ved Bokn sjukestove.

Arbeidsutvalet som har vurdert dette har kome fram til at det er ein del manglar i systemet som bør rettast opp. Dette går særleg på areala ved sjukestova som viser seg å vera alt for knappe i høve til dei behova som nå i lengre tid har synt seg å vera til stades.

Det viser seg t.d. å vera knapt med pasientrom ved sjukestova, og arbeidsutvalet har foreslått to nye rom/leiligheter. Grunnen til dette ynskjet er at antal eldre i kommunen har auka meir enn det som var antatt i helse- og sosialplanen, og ein har ikkje hatt plass til alle som har søkt om plass den siste tida. Aukande etterspurnad etter heimesjukepleie og heimehjelp

tyder også på at kommunen vil få meir behov for pleie- og omsorgstenester i åra som kjem.

I tillegg til fleire rom for bebuarar, er det også andre oppgåver som krev løysing. Dette er m.a. lager, kontor, opphaldsrom og personalrom.

Formannskapet har vedtatt at det skal nyttast arkitekt ved utarbeiding av planskisse for utviding av sjukestova.

Saka vedrørende behov for utviding har vore oppe til behandling i helse- og sosialstyret, formannskapet og eldrerådet som alle har sagt seg samde i konklusjonane om behova innan pleie og omsorg som låg føre i saka. Eldrerådet har i tillegg bede om at antal nye leiligheter ved sjukestova må aukast frå 2 til 3.


Saka vil bli vidareført etter ferien.

RIMELEGE TOMTER

I BOKN

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 30. juni at tomteprisane i byggefeltet Føresvik Nord skal reduserast frå 65 til 44 kroner pr.

kvadratmeter. Vidare vart det vedtatt at tomteprisen skal reduserast med 50% for dei som byggjer livsløpsbustad.



NKS LANDSMØTE

Norske Kvinners Sanitetsforening hadde sitt 39. landsmøte på Sola 12. og 13. juni. Vi var samlet rundt 480 kvinner fra hele landet til glede og ny inspirasjon. Det var to trivelige dager. Fredagen startet med åpning og hilsmingstaler. Videoen "Beredskap mot likegyldighet" om N.K.S. ble vist. Den nye handlingsplanen for -93 ble enstemmig vedtatt.

Formål:

Norske kvinners sanitetsforening er en landsdekkende organisasjon av lokalforeninger med sterk forankring i nærmiljøet.

N.K.S. har som formål å mobilisere til frivillig innsats for et bedre og tryggere samfunn, ved å engasjere seg årvåkent innenfor:

- Helse- og sosialområder - - miljøberedskap - krise og katastrofeberedskap.

Organisasjonens satsingsområder:

N.K.S. har tatt opparbeidet med osteoporose (benskjørhet):

Osteoporose rammer i første rekke kvinner etter overgangsalderen, men også menn og yngre kvinner kan rammes. N.K.S. vil ha psykiske lidelser som et av sine prioriterte områder. Omfanget av psykiske lidelser er betydelig. Hver 5. nordmann menes å ha en eller annen form for psykiske lidelser. Avsløring om seksuelt misbruk av barn og de psykiske følger dette kan få, er et alvorlig varsko som vi på alle måter må ta på alvor.

N.K.S. engasjement innen revmatisme har lange tradisjoner og har hele tiden vært preget av pågangsmot. Organisasjonens vilje til innsats vises også gjennom bevilgning til forskning og andre formål som kommer revmatikere til gode. Det ble i perioden 91-92 bevilget kr.4.689.200,-. N.K.S. engasjement innen kreftforskning vil fortsette. Det ble i perioden 91-92 bevilget kr.4.479.746,-.

N.K.S. er opptatt av barn oppvekstvilkår og ser behovet for å øke sitt engasjement på dette feltet. Alles Anne Cath. Vestly avsluttet formiddagens møte med koselige fortellinger fra barnetimen. Om kvelden var det gudstjeneste ved Bjørn Bue. Etterpå var det opptog rundt i Sola sentrum. Og kvelden ble avsluttet med festmiddag i kulturhuset.

Lørdagen var det valg og mellom omgangane saker av interesse:

- N.K.S. prosjekt ved kreftregisteret - - Osteoporose (benskjørhet) - Barn og kosthold - Prosjekt "landsrådet for revatisme - Sanitetens uke 1992.

Fra barn og kosthold vil det bli satset mer. Det viser seg at alt for mange barn lurer seg unna frokosten som er det viktigste måltidet for dagen. Svært få hadde nistepakke med på skolen. Kanskje det kunne være noe for N.K.S. å starta opp igjen med skolefrokost. Neste landsmøte ble Lillehammer 1994.

Jeg takker styret i Saniteten for at jeg var så heldig å få være med på landsmøtet. Det har vært en opplevelse som gir ny gnist til å arbeide videre.

Hilsen Reidun

KULTURMIDLAR 1992

Bokn kulturstyre fordelte i siste møte ut kulturmidlar for 1992. I alt var det kr. 81.000 som vart fordelt på 26 lag og organisasjonar.

<u>Musikkorg.</u>	Framl.-92	% av midl.	Pr.medlem
Bokn skulekorps	21.000	25,92	600,00
Bokn Brass	10.500	12,96	500,00
<u>Idrettsorg.</u>			
Bokn idrettslag	15.000	18,51	74,62
<u>Barne-og ungd.org</u>			
Hognaland sundagsskule	700	0,86	100,00
Kyrkjebygd sundagsskule	1.200	1,48	75,00
Austre Bokn sundagsskule	700	0,86	77,77
Bokn gutte/jente klubb	1.000	1,23	62,50
Bokn S-klubb	1.000	1,23	100,00
Bokn kr.ungdomsklubb	700	0,86	100,00
Petra	2.900	3,58	82,85
Bokn Yngres	1.500	1,85	150,00
Barneforeningen Havdur	1.000	1,23	83,33
Hognaland barneforening	1.000	1,23	83,33
Diskoteket	2.900	3,58	64,66
Bokn KFUM/KFUK	7.000	8,64	145,83
Bokn Trial klubb	1.000	1,23	166,66
<u>Andre</u>			
Bokn skyttarlag	1.000	1,23	31,25
Bokn hagelag	500	0,61	16,66
Røde kors	2.500	3,08	100,00
Bokn svingklubb	2.900	3,58	29,00
Bokn pensjonistfor.	2.000	2,46	35,08
Bokn vevstove	1.000	1,23	66,66
Tysvær og o.hj/lungesj.	500	0,61	10,63
Hognaland bedehus	500	0,61	71,42
Kyrkjetonar	500	0,61	
Bokn bedehus	500	0,61	
	81.000	100,00%	

BOKN FÅR MIDLAR TIL TURVEG

Bokn kommune har fått kr.45.000 i tippemidlar og kr. 34.000 i statstilskot til ein turveg som skal opparbeidast frå Føresvik og nordover.

Turvegen blir på litt over 1 km, og skal påbegynnast i haust. det skal m.a. også brukast srbeidskraft frå sysselsetjingstiltak ved opparbeiding av turvegen.

PENSJONISTTUR TIL SANDEID

Etter mykje att og fram vart det tur i år og. Det såg og høyrdest vanskeleg ut, men etter mykje ekstra arbeid frå formannen, ordna det seg, berre ein dag frå bestemt dato. Eit nydeligt ver, og rimeleg tid å starta i gjorde det enkelt for alle påmelde å bli med.

Full buss, grei sjåfør og opplagde pensjonistar gjorde dei 6 mila til Sandeid til reine lystturen. Det er skiftande natur frå Bokn til Vindafjord, og alt sto i sitt vakraste skrud.

På tunet ved Sanitetshuset der me skulle ta inn, sto Erik Østbø og Kåre Kro og tok imot oss. Det er fint å bli tekne imot med "god-dag og velkomen - gildt å sjå deg". Det skaper kontakt mellom kjensfolk og gjester.

I ein lett tone gav Erik Østbø oss ei kort orientering om Vindafjord blanda med minne frå hans 3 1/2 års virke i Bokn. Aslaug Østbø spela orgel til songen, for syngja må ein skal det bli fest.


Presis kl. 13.30 var det middag, middag for sjølv den kresnaste gane. Kalvesteik med god sos, sviske- og aprikosdessert med krem.

Maten vart gjort stor æra på, ja så men, me sat lenge ved bordet.

Erik Østbø hadde planlagt tur til Vikedal for dei som ville vera med. Dei som ville kvila i sanitetslokalet kunne det.

Vikedal er ei fin bygd med lakseelv, foss, høge fjell og velstelte gardar, og eit fint sentrum. Ein god kjentmantel mykje når ein skal på tur.

Det vart og tid til å sjå "storgardane" i Sandeid. Dei er så fine og med tun som kan måla seg med dei finaste på Jæren.



Me var like til skiterrenget med lysløyper, høgt over havet. "Berre bremsene held" sukka fleire på nedturen. Me såg bygda langt der nede. Alle gledde seg til kaffi etter den lange turen, og den sto klar på kannar. Kaker og kringler fekk føter å gå på. Me kosa oss rektigt, åt og drakk kaffi, song om både fedreland og Sandeid. Rektigt eit muntert lag var alle i. Tida gjekk fort den, og nå måtte me takka pent for oss. Formannen Kjell Kro var talsmann for oss alle og gav både godord fine blomster til dei der inne - frå kokka og kjøkkenhjelp til dei to som tok imot oss. Ein fin tur gjekk mot slutt. Ingen trega på dei var med - trur eg - .

Elise

BIBLIOTEKET

YNSKJER

SMÅ OG STORE

GOD SOMMAR!

FERIE FRÅ:

20.07-17.08



PROLOG

VED BOKN PENSJONISTFORENING SITT MØTE 24. APRIL 1992

Det er mange slags år i livet vårt,
det er gledesår, og år me minnest sårt.
Det er merkeår for bygd og by,
som jubilerar og minnest påny.
Aldri gløymer me året ifjor,
det er sanne og ærlige ord.

Lenge var Bokn ukjent land,
slik for den jamne kvinne og mann.
Dei såg at det helst var lyng og hei,
og kunne ikkje tenkja at her var vei.

Så kom brua, så kom dei på:
Nå vil me kjøra til Bokn og sjå.
Alle hadde den same tanke,
bilar hadde dei fine og blanke.
Det var som ein slepte laus ein armada.
Volvo, Peugeot, Datsun og Lada,
Folkevognbobler, Mercedes og Ford,
Polo og Golf og Opel Rekord.
Frå russebilar med allslags stafasje,
til Cabrioleten frå Slottets garasje.
Mange sjåførar og menner med hatt,
ungar og svigermor, hund og katt.
Me gjekk og undrast og tenkte her:
Håpar dei er nøgde med det dei ser.
Dei fekk sjå det var vei å kjøra på,
Verre var det å koma herifrå.
Me høyrde om dei som kom heilt ut av spor.
og ikkje visste om dei kom eller for.
Men heimatt kom dei om så langt på natt.
Takk for besøket og velkomen att !

Me såg i avisa at Aksdal og Obs!
freista med tilbud på kaffi og drops,
syltesukker og smør og mjøl,
det ville me kjøra og kjøpa sjøl.
Så gjekk me i bilen og sette igong,
med handlelapp og kjøpetrong.
Så hende nettopp det me ikkje tenkte,
i første svingen sto ei uniform og blenkte.
På skiltet hans stod det Politi.
Han hadde planar under båtlua si.
Ville sjå om me hadde førarkort,
men dermed var det ikkje gjort.
Han kommanderte om bremse og gass,
såg om bilbeltene var på plass.
Letta på loket og rummesterte,
så gubben ved rattet blei reint altererte.

Så var han fornøgde og vinka avstad,
til byen for me, letta og glad.
På Krokjen kafe var det kaffi og kaka,
det har mange turistar smaka.
Er det ein gong me får lyst på litt salt,

kan me kjøra til Are og kjøpa pølsa med alt.
Mykje rart er ennå i vente.
undersjøvegen, den har me i mente.
Aldri har nokon opplevd så mangt
i sitt liv, om det var aldri så langt.
Så fort som alt det nye strøymer på
får me sikkert ennå mykje nytt å sjå.

Olaug Hognaland

KOMMUNEN BYGGJER 6 BUSTADER

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 30. juni at det skal byggjast inntil 6 bustader/trygdebustader i kommunalt byggefelt. Bustadene skal byggjast innafor ei kostnadsramme på 3 mill. kroner eksklusiv tomtekostnader. Bustadene skal byggjast rett nord for Boknatun.

Formannskapet skal fungera som plan og byggjenemnd.

Bakgrunnen for saka er at det m.a. er stor etterspørsel etter bustader i Bokn. Særleg mange unge har problem med å skaffa seg bustad i etableringsfasen.

Det er også meininga at eldre skal kunna nytta seg av nokre av dei nye bustadene som vil liggja gunstig til i forhold til kommunale servicetilbud for eldre.



Teikningar av trygdebustadene som var planlagde i 1989.
Desse vart ikkje realiserte.



Galeas "Elegance"

For noen år siden gikk jeg en tur langs bryggene i Kristiansand. Lengst inne i Fiskehavnen lå det noe som lignet en liten bilferje, og jeg gikk nærmere for å undersøke. Denne hadde jeg sett før. Da var den i fart med arbeidsfolk fra Stavanger til en av boreplattformene som ble bygget i fjorden.

Vi kjenner skipets historie og vi kjenner flere som har hatt sitt arbeid ombord i skuten. Historien passerer revy mens vi undersøker om noe av klipperbaugen er igjen under lemnen der bilene kjørte over.

Skuten ble bygget på Varaldsøy i Hardangerfjorden, og sjøsatt i 1891 med navnet "Elegance". Det var en sterkbygd skute Helge R. Skjelnes lot bygge, og han seilte med den i Nordsjøfart flere år, rigget som jakt (med en mast). Senere ble "Elegance" rigget om til galeas (med to master), og det var slik den var da skuten lå i London og ble solgt til William John Jones. Under engelsk flagg seilte skipet en kort stund, da den allerede i 1904 ble overført til Mandal. Her var T.M. Thomassen korresponderende reder for partrederiet, som O.Th. Simonsen, Snik hadde en større part i, og ble skipper på skipet.

"Elegance" seilte nå 8-9 år med hjemsted i Snik ved Mandal. Et skip av denne størrelse, med lasteevne på ca.

10 130 tonn, ble selvsagt satt inn i farten

Island - Færøyene og England med trelast fra Norge og gjerne kull tilbake.

I 1913 skiftet "Elegance" igjen hjemsted, da til Bodø der Hans K. Stensø og Ragnar Schølberg kjøpte skuten. Her ble skipet satt inn i saltfisktransporten og annen forefallende frakt. "Elegance" ble et av Norges aller siste fraktefartøy under seil. I Bodø fikk skuten hjemsted i mange år, men skiftet eier i 1929 til Bernhard og Herleif Lind. Herleif Lind var skipper og førte seilfartøyet fram til 1949. Fremdeles hadde skipet sitt stolte gamle utseende på tross av sine 57 år.

"Elegance" hadde gjennom mange år vært vitne til store forandringer i transporten, og skulle nå være en verdig pensjonist og gitt trafikken til yngre båter. Men skipskontrollen fant ikke grunn til å nekte det gamle skip å bygges om til bilferje, med fart i Follafjorden, av den nye eier Ragnar Brækkan, Kolvereid i Nord Trøndelag.

En større motor ble montert, og etter navneskiftet til "Follaferja" gikk ferjen i rute fram til 1970. Dette året ble "Follaferja" igjen solgt, nå til Bokn Rutelag, som forandret navn til "Boknferja". De satte den i trafikk over Boknasundet, som et bindeledd mellom de to øyene i Bokn, hvor der er bosetting. Den hadde også to turer om dagen til fastlandet i Tysvær.

Da ferjene Stavanger - Haugesund



forandret sine anløp ble "Boknferja" overflødig og solgt til Kran & Båtservice A/S, Kristiansand, i 1975. Ferjen ble nå nyttet i flere år som føringsbåt til oljeboreriggene som var under arbeid i Stavanger.

Etterhvert måtte også "Boknferja" ex "Follaferja" ex "Elegance" gi seg i konkurransen med nyere båter. Ferjen ble lagt opp og avertert for salg. Dette viste seg å bli vanskelig for et så tilårskomet skip. Styrehuset, som var forholdsvis nytt, ble solgt til Sverige. "Boknferja" ble slept dit og noe av overbyggingen ble demontert. Deretter

ble skipet tatt under slep til fiskehavnen i Kristiansand.

Her ble fartøyet overtatt av Ivar Olsen, som la det i opplag i Mandal. Omkring 1985 overtok så Georg Asbjørnsen og Viggo Tronsgård. De begynte et restaureringsarbeide med sikte på å føre fartøyet tilbake til sitt opprinnelige utseende. Dette viste seg adskillig mer omfattende enn eierene hadde beregnet og skroget ble liggende i Mandalselven til 1988. Da ble det slept til Kristiansand. Samme år ble skroget slept videre til Oslo.

Artikkelen er henta frå "FRAKTESKUTER OG FRAKTEMENN"- utgitt av Fylkesmuseet for Telemark og Grenland.

FOLKEAUKE I BOKN

Frå 01.01.92 og fram til 01.07.92 har folketalet i Bokn auka frå 738 til 757. Det er

særleg stor innflytting som gjer at folketalet har auka så mykje i det siste halve året.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Hellside: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr. 10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

//

TANNLEGEKONTORET
ferielukking

Kontoret er stengt frå måndag
6. juli - 27. juli.

LEGEKONTORET

Fram til måndag den 27.07 er
det berre lege på torsdagar
p.g.a. ferieavvikling. For
øyeblikkeleg hjelp
(legevaktsentralen) kan ein
ringa 04 748522 - eller 003
ved livstruande tilstandar.

BILDEINNSAMLING

Bildeinnsamlinga i samband med
bygdeboka som foregår i
biblioteket si åpningstid
onsdagar og torsdagar vil
førebers ha pause og starta
opp att frå 17. august når
biblioteket åpnar att etter
ferien.

FUNKSJONÆRLØP/BRUAMARSJ

Dei som ikkje hadde anledning
til å gå bruamarsjen eller
4-bruersløpet den 28. juli kan
likevel gjennomføra dette ved
å møta opp ved startplass på
Susort søndag den 16.august
kl. 14.00.



GUDSTENESTE:

- 19.07: kl.19: Kveldsmesse
v/sokneprest Trygve
Sandvik. Nattverd.
09.08: kl.11: Høgmesse
v/Westen. Offer.
23.08: kl. 11: Fam.gudsteneste.
Norheim menighet vitjar
Bokn. Sokneprest Ove
Bergsholm.
-

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den
12. august.

Påmelding til sosialkontoret i
tlf. 04 748566.

PLATTINGEN - DANS

Bokn Diskotek arrangerer dans
på Plattingen den 11. juli.
Værforbehold.

Styret i Diskoteket